



MØTEPROTOKOLL

Fellesnemnd

Dato: 27.10.2017 kl. 10:00 – 11:00

Sted: Kommunestyresalen

Arkivsak: 17/00509

Tilstede: Hans Erik Ringkjøb (Ap), Sigbjørn Hauge (Sp), Bjørg Djukastein (Ap), Jorunn Ytrefjord (V), Ingebjørg Winjum (V), Hans Jakob Mæland (H), Annlaug Haugse Såkvitne (Sp)

Møtende varamedlemmer: Arne Mosefinn (Krf) for Knut Kvissel (Frp)

Forfall:

Andre: Einar Hauge, Trude Letnes, Eldbjørg Lie Jørgensen, Rune Magnar Røthe, Anders Gjeraker (for Asbjørn Nilsen)

Protokollfører: Målfrid Sivertsen

SAKSKART			Side
Godkjenning av innkalling			
Godkjenning av protokoll			
6/17	17/00509-64	Godkjenning av protokoll	3
Informasjon			
11/17	17/00509-63	Informasjon til møte 27.10.2017	4

Saker til handsaming			
<u>31/17</u>	17/00934-9	Kommunevåpen Nye Voss	6
<u>32/17</u>	17/01982-1	Val av politisk representant til Kyrkjeleg fellesnemnd	7
<u>33/17</u>	17/01986-1	Politisk organisering av Nye Voss - arbeidsgruppe politisk styringsstruktur	8

Voss, 27.10.2017

møteleder

Godkjenning av innkalling

Det var ingen merknader. Innkalling og sakliste vart godkjent.

Godkjenning av protokoll

6/17 Godkjenning av protokoll

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	27.10.2017	6/17

Administrasjonen si innstilling:

Protokoll frå møte 29.09.2017 vert godkjent.

Møtebehandling

Det var ingen merknader.

Votering

Vedtak

Protokoll frå møte 29.09.2017 vart godkjent.

[Lagre]

Informasjon

11/17 Informasjon til møte 27.10.2017

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	27.10.2017	11/17

Møtebehandling

Rådmann Einar Hauge, rådmann Trude Letnes, ordfører Hans Erik Ringkjøb og ordfører Ingebjørg Winjum orienterte om:

Risikoanalyse og suksesskriterier

Risikoanalyse og suksesskriterier for samanslåinga hadde leveringsfrist september 2017.

Felles leiargruppe skal i møte 27.10.17 utarbeide restrisikomatrise. Saka vert så lagt fram på Fellesnemnda sitt møte 17.11.17.

Selskapsstruktur og interkommunale samarbeid

Oversikt over selskapsstruktur og interkommunale samarbeid og forplikingar hadde leveringsfrist september 2017.

Ny framdriftsplan tilseier at saka vert lagt fram på Fellesnemnda sitt møte 15.12.17.

Omstillingsplan

Administrativ arbeidsgruppe prioriterer kartlegging av doble stillingar og kartleggingssamtalar i leiargruppene fyrst, samt kartlegge større grupper som ikkje vert direkte råka i samanslåinga. Omstillingsplan er skissert ferdig til vedtak 1.2.18, og vert lagt fram som sak i partssamansett utval til uttale og til Fellesnemnda for avgjerd på februar møtet

Nye Voss - styringsdokument

Styringsdokumentet er retta opp – endringar er i raudt.

Det kjem truleg budsjettreguleringssak i løpet av første halvår 2018.

Framdriftsplanen for prosjektleiar

Søknadsfrist 05.11.2017

Tilsetjingsutvalet har intervju 10.11.2017, Fellesnemnda har finaleintervju 28.11.2017 (kl. 14:00).

Ein prøver få til tilsetjing i løpet av november.

Møteplan

Planlagde møter 17.11 og 15.12 vert ståande som møtedatoar i denne omgang.

Oksen halvøya

Ordfører Ingebjørg Winjum og rådmann Trude Letnes har hatt møte med grendalaget. Dei hadde røysting 26.10 i samband med endring av kommunegrenser. Ullensvang herad skal handsama saka i neste veke.

[Lagre]

Saker til handsaming

31/17 Kommunevåpen Nye Voss

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	27.10.2017	31/17

Administrasjonen si innstilling:

Fellesnemnda innstiller Alternativ 1 som nytt kommunevåpen. Administrasjonen får i oppgåve å sjekke ut med Arkivverket, Patentstyret og med Straffelova § 165b og 166 at ikkje nytt kommunevåpen kan forvekslast med eksisterande våpen eller flagg som er kommunale, nasjonale eller internasjonale og mot eksisterande varemerker eller design.

Møtebehandling

Framlegg frå ordførarane: Saka skal til uttale i Voss kommunestyre og Granvin heradsstyre før vedtak.

Det vert presisert at Kommunevåpenet er ei fele i sølv med raud botn.

Votering

Samrøystes

Vedtak

Saka skal til uttale i Voss kommunestyre og Granvin heradsstyre før vedtak.

Det vert presisert at Kommunevåpenet er ei fele i sølv med raud botn.

[Lagre]

32/17 Val av politisk representant til Kyrkjeleg fellesnemnd

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	27.10.2017	32/17

Administrasjonen si innstilling:

Fellesnemnda for Nye Voss nemner opp.....som politisk representant i den kyrkjelege fellesnemnda.

Møtebehandling

Det kom framlegg om Hans Erik Ringkjøb som medlem med Ingebjørg Winjum som vara.

Votering

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fellesnemnda for Nye Voss nemner opp Hans Erik Ringkjøb som politisk representant i den kyrkjelege fellesnemnda med Ingebjørg Winjum som vara.

[Lagre]

33/17 Politisk organisering av Nye Voss - arbeidsgruppe politisk styringsstruktur

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Fellesnemnd	27.10.2017	33/17

Administrasjonen si innstilling:

1. Fellesnemnda oppnemner ei arbeidsgruppe som går gjennom den politiske styringsstrukturen/organisasjonsmodellen som skal gjelda for Nye Voss.
2. Arbeidsgruppa får eit mandat slik det kjem fram i saka.
3. Fellesnemnda oppnemner leiar og medlem i arbeidsgruppa for politisk styringsstruktur:

1. Medlem.....
2. Medlem.....
3. Medlem.....
4. Medlem.....
5. Medlem.....

Leiar for arbeidsgruppa for politisk styringsstruktur vert:

4. Arbeidsgruppa innstiller til fellesnemnda som har vedtaksmynde i denne saka.

Administrasjonen står for sekretærfunksjon.

Møtebehandling

Rådmann Einar Hauge orienterte om at det var pkt. 1-3 i vedlegget som var aktuelt i denne saka.

Det kom framlegg om:
Ingebjørg Winjum, leiar
Hans Erik Ringkjøb
Sigbjørn Hauge
Annlaug Haugse Såkvitne
Bjørn Djuvastein

Votering

Administrasjonen si innstilling med fellesnemnda sitt framleg vart samrøystes vedtek.

Vedtak

1. Fellesnemnda oppnemner ei arbeidsgruppe som går gjennom den politiske styringsstrukturen/organisasjonsmodellen som skal gjelda for Nye Voss.
2. Arbeidsgruppa får eit mandat slik det kjem fram i saka.

3. Fellesnemnda oppnemner leiar og medlem i arbeidsgruppa for politisk styringsstruktur:

1. Medlem Ingebjørg Winjum
2. Medlem Hans Erik Ringkjøb
3. Medlem Sigbjørn Hauge
4. Medlem Annlaug Haugse Såkvitne
5. Medlem Bjørg Djukastein

Leiar for arbeidsgruppa for politisk styringsstruktur vert: Ingebjørg Winjum

4. Arbeidsgruppa innstiller til fellesnemnda som har vedtaksmynde i denne saka.

Administrasjonen står for sekretærfunksjon.

[Lagre]